

Saksnr: 2020/62087-1

Saksbehandlar: Johan Julius Meyer

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Justering av retningslinje for varsling i Vestland fylkeskommune

I omtalen av sjølve varslingsutvalet i «retningslinje for varsling i Vestland fylkeskommune» er det trong for å presisere kven som kan oppnemnast som representant i utvalet.

Fylkesrådmannen justerer andre avsnittet i pkt 7 i retningslinjene til å ha følgjande ordlyd (med ny tekst i kursiv):

Fylkesrådmannen oppnemner representantar til utvalet etter drøfting med dei tillitsvalte. *Dei som vert oppnemnde skal ha høg grad av personleg integritet og elles ha ei relativt sjølvstendig stilling i organisasjonen og ikkje vere leiar, verneombod eller aktiv tillitsvalt slik desse er definerte i HA Del B § 2-2 – §2-6.*

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift